

## Tekstmeditasjon Olsok 2025

### 1: «Lys skal stråle fram fra mørket»

Det får meg til å tenkje på då Gud skapte verda:

Det aller første Gud gjer, er å skape lyset.

«Bli lys!» seier Gud. Og så blir det lys.

Og «Gud så at lyset var godt...»

### 2: «Lys skal stråle fram fra mørket»

Det får meg til å tenkje på julenatt:

Den natta Jesus blir født, blir nattehimmelen over Betlehem fylt av lys. Nattemørket blir liksom dradd til sides for ei lita stund: Det opnar seg ei glipe i tilværet: Ein engel, ja mange englar, viser seg for gjetarane. Og dei lyser. Eller strengt tatt: Det er Gud som lyser: «Og Herrens herlighet lyste om dem».

### 3: «Lys skal stråle fram fra mørket»

Det får meg til å tenkje på påskemorgon:

«Da sabbaten var over og det begynte å lysne av dag...»

Då kjem kvinnene til grava.

Mørket blir skubba til sides.

Og når lyset tar over så ser dei at det er også steinen...

Skubba til sides...

«...for en Herrens engel steg ned fra himmelen, gikk fram og rullet steinen til side -og satte seg på den-

Han var som et lyn å se til...»

## «Lys skal stråle fram fra mørket»

I skapelsen – I inkarnasjonen – I oppstandelsen...

### 4: «Lys skal stråle fram fra mørket»

Det får meg også til å tenkje på Saulus:

Saulus er i utgangspunktet høg og mørk, sjølv sikker, skråsikker, full av kraft, for ikkje å seie aggresjon...

Alt han har av mot og energi går med til dette eine:

Å forfølge dei kristne...

Eller forfølge Jesus... Det er Jesus sjølv som gjer Saulus oppmerksom på akkurat det. Så sterkt identifiserar Jesus seg med dei kristne, med kyrkja...

Vendepunktet i Saulus sitt liv, er også eit lys. Som blendar han fullstendig. Paulus blir slått i bakken. Og når han reiser seg, ser han -ingenting- :

«Saulus reiste seg og åpnet øynene, men han kunne ikke se. Så de tok ham i hånden og leide ham inn til Damaskus. I tre dager var han uten syn, og han verken spiste eller drakk.»

I første omgang blir det altså mørkt. Men der i mørkret, i Damaskus, blir Saulus nullstilt... Og når lyset blir synleg for han på nytt, så er han ein annan. Saulus har blitt til Paulus. Med nytt navn, ny identitet, og nytt oppdrag. Samme krafta, samme energien. Men drivkrafta er ny. Og retninga er ny.

Og overmotet, hovmotet, det er borte, trur eg. Erstatta med eit sunt og sant frimot. Ikkje på vegne av seg sjølv. Men på vegne av det han har fått møte – det han har fått:

Lyset han har møtt...

Skatten han har fått...

**5: I lys av alt dette les eg også det Paulus skriv, og som vi nettopp har lytta til:**

«For Gud, som sa: «**Lys skal stråle fram fra mørket**», han har også latt lyset skinne i våre hjerter, for at kunnskapen om Guds herlighet i Jesu Kristi ansikt skal lyse fram.» (Dette er jo Paulus si eiga erfaring...)

Lyset som strålar fram i mørkret, det kjem til oss utanfrå. Guds herlighet. I Jesu Kristi ansikt. Det er det som lyser.

Det er skatten vi har fått...

«Men vi har denne skatten i leirkrukker, for at den veldige kraften skal være fra Gud og ikke fra oss selv.»

Vi har fått ein skinande skatt. Det er ikkje vi som skin... Men vi har fått denne skatten. Vi kan romme den. Vi kan ta vare på den. Vi kan forvalte den. Dele den.

**6: I lys av alt dette forstår eg også Olsok.**

Og for så vidt alle andre helgendagar.

Ja, egentleg heile kyrkja si historie og kyrkja sitt liv:

«Skatt i leirkar»... Det er det det har vore – heile vegen...

Skatten er:

«Jesus Kristus, Guds enbårne Sønn, født av Faderen før alle tider, Gud av Gud, lys av lys, sann Gud av sann Gud, født, ikke skapt, av samme vesen som Faderen. Ved han er alt blitt skapt....

For oss mennesker og til vår frelse steg han ned fra himmelen, og ved Den hellige ånd og av jomfru Maria ble han menneske av kjøtt og blod....

Han ble korsfestet for oss under Pontius Pilatus, led og ble begravet, oppstod den tredje dag etter Skriftene og fór opp til himmelen, sitter ved Faderens høyre hånd, skal komme igjen i herlighet for å dømme levende og døde, og hans rike skal være uten ende...»

Dette er skatten: Han som er lys av lys. Som har kome inn i vårt mørke. Og som ein dag skal sprengje det mørket for godt.

Og leirkrukkene: Det er oss:

Vi som er skapt av leire frå jorda...

«Da formet Herren Gud mennesket av støv fra jorden. Han blåste livspust i nesen på det, og mennesket ble en levende skapning...»

Han som er frå evighet av – han som er lys av lys...

Han har brutt hinna mellom himmel og jord  
og gitt seg hen til oss...

Han som er Skatten – Han lar seg romme av det som er her...  
Det er den einaste muligheten han har, om han vil vere her:

- Han blir eit barn i Maria sin mage, og blir født...
- Han blir lagt i ei grav som var tiltenkt ein annan, og finn også vegen ut att derifrå...

- Han finn vegen til Saulus, som er på ville vegar, blir ein del av livet hans og formar noko nytt av han...

- Og det har han fortsatt med, fram til denne dag: Han er i stand til å bli ein del av livet vårt. Han som har skapt oss – Han som har kome til oss – Han kan også kunsten å begynne på nytt med oss...

Men fortsatt er det: «Skatt i leirkar»...

Eg likar det uttrykket.

Og eg er glad for at denne teksten er ein av tekstane som høyrer denne dagen til.

7: Olsok er ikkje den enklaste dagen å vere predikant...

Vi feirar Olav. Og vi feirar kristninga av landet vårt.

Men vi veit veldig godt, at i denne historia er det litt av kvart: Det er ikkje berre vekkelsens milde bris over landet. Det er også mykje politisk spel – og maktkamp, også med vold og drap som virkemiddel...

Både Olav sitt liv, og kyrkja si historie, og også kristendommen si historie i vårt eige land, er mangslungen...

Det er ikkje berre pent!

Det er ingen grunn til å late som noko anna.

**8:** Paulus sine ord om lyset i mørket og om skatten i leirkar  
hjelper meg til å sjå kva det er vi feirar på ein dag som denne:

Det er Han som er lyset vi feirar  
Det er Han som er Skatten vi feirar

---

Det blir fort mykje verdisnakk denne dagen...  
Kva slags verdiar kristendommen brakte med seg...

Og det er viktig nok. Veldig viktig. For over tid så betydde den kristne trua ei omforming av samfunnet. Det var virkeleg ei omforming på djupet. Med eit nytt syn på enkeltmennesket sin verdi. Og med eit nytt syn på fellesskapet sitt ansvar for alle menneske.

Men den kristne trua er ikkje først og fremst eit sett med verdiar, eller ein ideologi. Vi kan riktignok utlede verdiar og utvikle ideologi med utgangspunkt i den kristne trua. Og det skal vi ta seriøst. Her har vi ein jobb å gjere. Både med å utvikle og med å kritisk vurdere politisk ideologi og praktisk politikk i lys av den kristne trua. Det er Stortingsvalg denne hausten. Og det er all grunn til å ta den kristne trua med inn i refleksjonen og samtala i forkant av valget...

Men i dag blir vi likevel minna på at den kristne trua er meir enn ideologi! og meir enn politikk!

Jesus er eit forbilde. Han kjem MED lyset og viser oss kva som er lyst og kva som er mørkt. Jesus lever lyst, om vi kan seie det slik, og slik viser han oss korleis vi også skal leve. Samtidig er Han meir enn eit forbilde.

Jesus er også Frelsar. Han kjem SOM lyset. Han er lyset som kjem til oss utanfrå. Han er den som kjem til oss med det vi ikkje kan framskaffe sjølv.

---

Hjertet i det heile er ikkje dei gode verdiane. Eller vår vekslende vilje og evne til å leve i tråd med desse verdiane...

Hjertet i det heile er trua på – og tilbedinga av – Han som kom til oss – ikkje berre MED lyset, men SOM lyset.

### **«Lys skal stråle fram fra mørket»**

**9:** Då eg forberedte meg til i dag, så kom eg til å tenkje på innledninga til Gulatingslova. For der ser vi kva som er ansett som sjølvkjelda, og som utgangspunktet for dei nye verdiane og dei nye lovene som dei jobba fram...

Det aller første som står er dette: «Det er opphavet til lovene våre, at me skal bøygja oss mot aust og beda til Den heilage Krist...»

Vi skal vende oss mot aust, mot soloppgangen. Vi skal vende oss mot Han som kjem med lyset. Ja, mot Han som ER lyset. Han skal vi bøye oss for – tilbe og be til.

*Ære vere Faderen og Sonen og Den Heilage Ande,  
Han som var og er og vere skal,  
ein sann Gud, frå æve og til æve. Amen.*